

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

| Råd | Møtedato | Tidspunkt |
|---|--------------|---|
| Herdla sokneråd | 30.juni 2014 | frå kl 18.30 - til 21.30 |
| Sak frå : 56/ 2014 Sak til: 61/ 2014 | | <u>Møtestad:</u> Hos Karen Skråmestø |

Frammøtte: 4 av 6 medlemmer + 1 vararepresentant

Til stades

Medlemmer:

Karen Skråmestø, Kjell Berland, Jonas Bratli, Kjellaug Fauskanger Eidsaa

Varamedlem:

Therese Ellingsund

Meldte forfall: Helge Heggernes, Martin Berland Øystese, Astrid Marie Haugland (ferie)

Administrasjonen:

Andre frammøtte:

Underskrifter:

| | | |
|-------|-------|-------|
| | | |
| | | |
| | | |

56/2014 Referat frå møte 4.juni vart godkjent.

Sakliste:**Sak nr./år:**

57/2014: Meldingar. Ingen.

58/2014 Gudstjenesteliste.

08.06: kl.11.00: Familiegudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Felles for heile Askøy. Dåp. Offer til Sjømannskyrkja. Etter gudstenesta: Grilling ved kyrkjelydshuset.

22.06: kl.11.00: Familiegudsteneste v/ prost Erling Kopperud. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Markerte 40år for Terje Haugom som organist i Herdla.

06.07: kl.19.00: Hovudgudsteneste v/Tone Marit H. Dyrkolbotn. Offer til eige arbeid.

27.07: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer til eige arbeid.

10.08: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Astrid Marie Haugland. Nattverd.

59/2014 Plan for hausten. Brosjyren.

Soknerådet ønskjer å ha to salmekveldar i samband med den nye salmeboka. Ein til hausten, og ein til våren 2015.

Forslag til dato er 22. eller 29.oktober. Karen spør Astrid Marie om kva dato som passar best, og AM må spørje Terje Haugom og Geir Kvinge kva som passar best for dei.

Vidare må vi ha inn alle gudstenestene, også dei på Fromreide eldresenter. Lys vaken må inn, Lysmessa, G19 i Erdal, julekonsertar, Krik-cup 27.september i Askøy Forum.

60/2014: Grøn kyrkjelyd.

Herdla sokneråd strevar med å vere grøn kyrkjelyd. Med slike vanskelege tilhøve vi har når det gjeld kyrkjekaffi og andre arrangement, vert det vanskeleg å gjere dette på ein rett måte.

Kva manglar?

Vi manglar kompostbinge utanfor kyrkja. Å samle saman komposten for at noen skal hente den til Skiftesvik er iallfall IKKJE miljøvennleg. Hadde vi hatt ein kompostbinge, kunne vi fått jord til bruk utanfor i beda og/eller på gravene.

Hadde vi kunne bruke den mengden med gras som ligg i store dottar/klumpar på plenen rundt gravene etter at plenen er slått, og samla det saman med restavfallet etter kyrkjekaffi - kunne vi hatt vår eigen kompostering av jord. Det hadde vore fint! Og det er mogeleg å få til.

Kor er vi i dag?

Vi bruker papp-beger og plast-koppar på kyrkjekaffien. Dette fordi vi ikkje har noen plass til å vaske opp. Vi har ikkje ein gong ein vask til å hente vatn bak i kyrkja, Då må vi heilt fram i sakrestiet for å hente vatn til saft etc.

Vi kildesorterer i plast - kompost og restavfall.

61/2014: Eventuelt.

- Det må lagast ein plakat på kyrkjedøra som fortel at Herdla kyrkje er open om søndagen mellom 15.00 og 18.00.
Denne plakaten må hengjast på døra i den tida kyrkja er open.
Der må det stå: **OPEN KYRKJE, VELKOMMEN INN!!**
Det er fordi mange ikkje har sett skiltet nede ved innkjørselen til parkeringsplassen, eller plakaten på oppslagstavla.
Jonas lagar ein plakat og laminerer.
- Soknerådet har vedteke at det skal hengjast opp ei skilt utanfor porten til kyrkjegarden med teksten: **HUNDAR INGEN ADGANG.**
Dette vil bli tatt opp i Fellestrådet.
- Soknerådet ønskjer ein finare kyrkjegard. Plenen er langt ifrå fin, det ligg store klumpar med gras etter at plenen er slått. Vi kan ikkje ha det slik. det må kunne gå an å ha ein grasklippar som tek opp graset med ein gong, eller slå det oftare. Det er lite kjekt å gå til ei grav med slik ein ustelt plen rundt. Dette er særleg ille på den nordlege delen av kyrkjegarden.

Neste møte vert 13.august kl.18.30. Kyrkjelydshuset.

Lille Fauskanger 3.juni 2014

Kjellaug Fauskanger Eidsaa
referent (sign)